

# Juvbru - Tausamyro - Jettegrytenuten

## ~ Turframlegg nr 4 ~

Fjæra og Rullestad sitt opplegg

**Ta** av frå E - 134 mot gamlevegen opp Rullestadjuvet. Du passerer **Halvfjordingen**, der du kan overnatta om du vil ta fleire nutar over fleire dagar.

Ved Juvbru står det skilt opp mot Simlebu. Her går du opp. Det er steinete og bratt, men fascinerande. Etter om lag 15 minutt er det ein postkasse med bok i på høgre side av stien, her heiter det Taubanen. Tidlegare var her ein løypestreng ned til veggen. Det er fyrste boka i Fjæra og Rullestad IL sitt opplegg på i alt 8 bøker.

Ca 5 minutt lenger opp i løypa tek du av til venstre over ei myr. Du fylgjer godt synleg sti opp til Bjørnamyro, forbi den øvste hytta i flott furuskog og ned ei li og på den fine trebrua over elva. No er du berre 5 -10 minutt frå Tausamyro. Postkassen heng på ei furu på venstre hand tett attmed stien. Følg stien vidare austover og du kjem til Skromme. Med det vakre kvite huset tek du over brua til venstre. Du er på veg mot Jettegrytenuten. Følg elva nedover i vestleg retning. Stien er bra synleg. Frå brua er det om lag ein halvtime bort/opp til Jettegrytenuten. Etter å ha skrive i boka - den fjerde på denne turen, tek du sørover og ned eit bratt berg til Jettegrytene. Her er det kjetting å halda seg i - takk vera Jørgen Lundal og John Magnar Jensen. Desse Jettegrytene er heilt enorme! Her er det flott å ta seg ein matpause.

Du går attende eit lite stykke, og finn sti som går ned til den nye trebrua over elva. Komen på veggen, er det berre nokre hundre meter til der du starta. Er du i tvil - ta kontakt med Per eller Nils Rullestad. dei har peiling. Men ikkje spør dei om kor lang tid det tek frå der til der - dei har ikkje peiling på kor lang tid det tek for vanleg dødelege. Til og med hjort og elg har problem med å følgja dei.....

Gisle Sellevold ynskjer deg god tur, og vil gjerne ha tilbakemeldingar på [egsellev@online.no](mailto:egsellev@online.no)